

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek - Årsmelding 2008

Fylkesbiblioteket er eit service og utviklingsorgan for biblioteksektoren i fylket og skal vere eit kompetansesenter innan bibliotekområdet. Fylkesbiblioteket samarbeider med kommunane om mobil bibliotekteneste og gir folkebiblioteka i fylket råd og rettleiing, deltar i utviklingsprosjekt og arrangerar kurs og møte for bibliotektilsette.

Fylkesbiblioteket har 7,6 stillingar, men hadde pga sjukmeldingar og ledig stilling redusert kapasitet i 2008.

Fylkesbiblioteket har som mål å:

- medverke til å sikre alle innbyggjarane i fylket tilgang til gode bibliotektenester
- medverke til auka leselyst og -dugleik, særleg hos barn og unge
- vere eit serviceorgan for biblioteka i fylket, og medverke til å heve kvalitetsnivået på biblioteka og bibliotektenestene

Medverke til å sikre at alle innbyggjarane i fylket har tilgang til gode bibliotektenester

For å nå dette målet har fylkesbiblioteka følgjande tiltak i 2008:

Bokbussen

Bokbussen blir tilbydd kommunane som eit supplement til deira ordinære bibliotekteneste, der kommunen betaler timepris for bussen si stoppetid i kvar kommune. Fylkesbiblioteket syter for drift og vedlikehald av bussen, og stiller med sjåfør og ein velfylt buss med lydbøker og bøker av alle slag. Kommunane stiller med personale som er med i bokbussen i eigen kommune.

I 2008 var det fem kommunar som nytta seg av tilbodet. Første halvår køyrde bussen i kommunane Bremanger (Ålfoten), Fjaler, Førde, Høyanger og Naustdal. Frå august og ut året vart talet på stopp i Bremanger utvida med Davik og Kalvåg. Bokbussen hadde i 2008 stopp ved 13 grunnskular, nokre barnehagar og eit par andre stadar. Utlånet i 2008 var totalt på 7530, fordelt på 6408 bøker og anna materiale for born og resten for vaksne. Talet på utlån er truleg større, men ein har hatt noko tekniske problem med registreringa av utlånet.



Fylkesbiblioteket trur bokbussen kan vere eit godt og tenleg supplement spesielt til grunnskulebiblioteka, men talet på kommunar som nyttar seg av bokbusstilbodet er altså lite.


Bokbåten Epos

Fylkesbiblioteket samarbeider om bokbåten med Hordaland fylkesbibliotek og Møre og Romsdal fylkesbibliotek. Bokbåten er eit tilbod til kommunane på lik linje med bokbussen, men her er personale frå fylkesbiblioteket med og står for utlånet. I 2008 var det 13 kommunar i Sogn og Fjordane som nytta seg av tilbodet.

Bokbåten køyrde som vanleg 2 turar, ein om vinteren (februar/mars) og ein om hausten (oktober/november), kvar på 19 dagar. I tillegg til bokutlån har ein med eit kulturprogram for barn. Det var 2 167 personar ombord, og av desse var det 1 656 personar som fekk med seg kulturprogramma. Det vart lånt ut 15 178 bøker og lydbøker frå bokbåten, vel halvparten var barnebøker.

På vinterturen hadde bokbåten 41 stopp, og 30 av desse fekk tilbod om kulturprogrammet "Lille Blå og bløtkaka" med Dårækisten Teater v/Kjell Matheussen. 822 personar såg forestillinga. På haustturen hadde bokbåten 41 stopp, og 30 av desse fekk tilbod om kulturprogrammet "Apestreker!" med Klovn Knut. 834 personar var på forestillingane. Kulturprogramma blir arrangert i samarbeid med Sogn og Fjordane folkeakademi.

Som ein del av bokbåttilbodet samarbeider dei tre fylka om "bokbåtklubben", ein klubb for elevar i 1.-7. klasse på skular som brukar bokbåten. Alle medlemmane fekk i 2008 to nummer av bokbåtbladet - eit blad med bl.a. konkurranse, vitsar, innsendte teikningar og lesetips.



Fjernlån

Fylkesbiblioteket er ansvarleg for å organisere fjernlånsamarbeidet i fylket, og hjelper biblioteka med å få tak i bøker og andre media dei sjølve ikkje har i samlingane. Fjernlånsavdelinga mottok 3 456 tingingar i 2008, og fylkesbiblioteket lånte til saman ut 3 395 media til andre bibliotek.


Medverke til auka leselyst og - dugleik, særleg hos barn og unge

Klassesett

Fylkesbiblioteket har etter kvart ei svært god samling med klassesett til utlån, særleg av nynorske bøker for barn og unge. Vi har også satsa på engelske bøker frå dei heilt enkle til meir avanserte. Desse klassesetta er veldig etterspurde i språkopplæringa. Klassesettsamlinga kostar lite per år og har ei høg utnyttingsgrad. Vi lånte i 2008 ut 3580 bøker frå klassesettsamlinga, hovudsakleg til grunnskular, men også noko til vidaregåande skular.

Diagrammet viser utlån av klassesett frå 2000 og framover og viser ei kraftig auke i utlånet i byrjinga, medan det no er relativt stabilt på eit høgt nivå.

Utlån klassesett 2000-2008



Lesestimulering - bokprat

Fylkesbiblioteket har dei siste åra arrangert forfattarturnear, men pga av sjukdom er dette ikkje gjennomført i 2008. Vi har derimot prøvd ut eit nytt tilbod til skular og bibliotek. To bibliotekarar som har vore gjennom kurs i formidling av litteratur, hadde i april ein turne i Flora kommune der dei formidla bøker til alle 5. klassane i kommunen. Arenaen for bokpraten var folkebiblioteket eller klasserom, og den fekk god mottaking.

Vere eit serviceorgan for biblioteka i fylket, og medverke til å heve kvalitetsnivået på biblioteka og bibliotektenestene

Rågjeving

Fylkesbiblioteket gir råd og rettleiing i bibliotekfaglege spørsmål. Ein del av dette arbeidet er å reise ut i biblioteka for å gi råd og rettleiing på staden. I 2008 reiste vi ut til 3 bibliotek, der tema har bl.a. har vore bibliotekflytting/nye biblioteklokale, litteraturformidling til barn og unge, kasseringsrutiner og bruk av biblioteksystem.

I 2008 har ein også arbeidd ein del med opprettinga av fengselsbibliotek i Vik. ABM-Utvikling har inngått avtale med Vik kommune om drift av eit nyoppretta bibliotek i Vik fengsel. Fylkesbiblioteket rettleiar først og fremst i oppbygginga av mediestammen til det nye biblioteket, og har vore diskusjonspartnar for biblioteksjefen i kommunen når det gjeld sjølve biblioteklokalet i fengselet. Etter planen skal biblioteket vere klar til bruk i det nye sørvisbygget til fengselet i august i 2009.

Basar på vår server - avtaler

Fylkesbibliotekets har eigen server for datasystemet Bibliofil. Forutan fylkesbiblioteket og Sunnfjordbiblioteka, blir mediabasane til Sogndal bibliotek (pluss samarbeidspartnarane deira), 5 vidaregåande skular og grunnskulane i Førde drifta på fylkesbibliotekets server

Kurs/møte

Kurs og møte er viktige for heve kompetanse og gi fagleg påfyll til bibliotektilsette. I 2008 vart desse arrangert:

Språkstimulering gjennom leseaktiviteter

Kurs frå Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger og ABMu om lesing og språkstimulering i barnehagen og samarbeid mellom barnehage og bibliotek. Skei hotell, 26. februar. 36 deltakarar

Presentasjon av kulturfondbøker

På ei samling ved Rica Sunnfjord Hotell i Førde 27. mars arrangert av fylkesbiblioteket presenterte litteraturformidlarane Ellen Skaadel og Kjersti Torbjørnsen kulturfond-bøker for vaksne utgitt i 2007 og tidleg i 2008. Talet på deltakarar var om lag 30.

Kurs og samling for tilsette ved vgs-biblioteka

- Skulebiblioteket - morgondagens læringscenter
Kurs for bibliotektilsette og lærarar i vidaregåande opplæring. Samarbeid mellom fylkesbiblioteket og Opplæringsavdelinga. Tre samlingar i 2008 - kursrekke vart avslutta i mai. Ca 25 deltakarar.
- Dagssamling 27. oktober ved Mo og Jølster vidaregåande skule, avd. Mo.
Tema: erfaringar med utlån av gratis læremiddel, bokprat, informasjonssøking og kjeldekritikk. 15 deltakarar.

Før døve øyre - Bibliotekseminar i Ulvik

Fylkesbiblioteket arrangerte i samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek eit bibliotekseminar i Ulvik i Hardanger 18.-19. september. Frå Sogn og Fjordane deltok tre frå fylkesbiblioteket, og åtte frå andre bibliotek i fylket. Hovudtemaet på bibliotekseminaret var litteraturformidling, og registrerte attendemeldingar om programinnslaga var positive. På programmet stod foredrag om Olav H. Hauge, om bokhistorisk forskingsresultat, formidling i bokbuss, om radikale endringar i barneavdelinga til hovudbiblioteket til Aalborg i Danmark, nettformidling ved Bergen Offentlige Bibliotek og om eit prosjekt ved Stavanger bibliotek der temaet var jakta på ikkje-brukarane av biblioteket. Bibliotekseminaret var ein del av Ulvik Poesifestival som markerte 100-årsdagen for dikteren Olav H. Hauge.